

## Innkalling til årsmøte

### Førde, laurdag 27. januar 2018

Gode medlem i Sogn og Fjordane Nei til EU!

Årsmøtet i fylkeslaget vert halde på hotell  
**Thon Hotell Førde laurdag 27. januar kl. 11:00**

Hotellet ligg midt i Førde med adresse Hafstadvegen 26.

Etter årsmøtet blir det lunsj kl. 13.00. Meld gjerne frå ved påmelding om du skal ha lunsj.

**Kl. 14.00 – 16.00: EU sin energiunion – ACER – kva følgjer vil den få for Noreg?** Innleiing ved generalsekretær i NTEU Hilde Loftesnes Nylén. Spørsmål og debatt.

**Frist for påmelding er 22. januar  
– men meld deg gjerne på allereie no!**

E-post: [inkan@online.no](mailto:inkan@online.no)  
Tlf.: 464 77 723 (du kan òg sende sms til dette nummeret).

Alle lokallag har rett til å vere representert på årsmøtet. Dei skal prøve å få mest mogleg lik kjønnsmessig representasjon.

Treng du overnatting, ta direkte kontakt med hotellet.

#### **Forslagsfrist**

Same frist som nemnd ovanfor gjeld for framlegg som lokallaga ynskjer at årsmøtet skal handsame.

Sakspapir og annan informasjon vil bli lagt ut på vår heimeside:

<https://neitileu.no/fylke/sogn-og-fjordane>

Du kan be om å få papira tilsendt ved å sende ein e-post til [inkan@online.no](mailto:inkan@online.no) eller ringe 464 77 723

Velkomen til årsmøtel!

For fylkesstyret i Sogn og Fjordane Nei til EU

Ingunn Kandal  
Nestleiar

E-post: [inkan@online.no](mailto:inkan@online.no)  
Tlf.: 464 77 723

Postadresse:  
Sogn og Fjordane Nei til EU  
**Schweigaards gate 34 B, 0191 Oslo**

Web: <https://neitileu.no/fylke/sogn-og-fjordane>

#### **Saksliste** årsmøte 27. januar

1. Opning
2. Konstituering
3. Årsmelding
4. Rekneskap
5. Arbeidsplan og rammebudsjett
6. Fråsegner og andre innkomne forslag
7. Val av:
  - a. fylkesleiar, fylkesstyre
  - b. revisor
  - c. valkomité
9. Avslutning

#### **Forslag til forretningsorden**

1. Det er ikkje høve til å fremja saker til handsaming som ikkje har samanheng med sakslista som ligg føre.
2. Forslag til årsmelding, arbeidsplan, fråsegner eller vedtekter skal leverast skriftlig og underteikna med namn og verv på forslagsstillaren.
3. Det er ikkje høve til å ta ordet til same sak meir enn to gonger.
4. Ordstyrar kan innføre taletid på 3 minutt når salen gjer sitt samtykke til det.
5. Ved personval skal avstemminga skje skriftleg dersom ein eller fleire representantar krev det.
6. Alle saker, unntatt vedtektsendringar, vert avgjorde ved alminnelig fleirtal. Når stemmetala for og imot er like, vert endringsforslag forkasta.

#### **Frå normalvedtektene for fylkeslag i Nei til EU:**

«Alle årsmøtedelegater må være medlem av Nei til EU og bo i fylket. Fylkeslaget kan begrense antallet utsendinger til et visst antall pr. lokallag. Hvert lokallag skal tilstrebe kjønnsmessig lik representasjon. Årsmøtet innkalles skriftlig med minst to ukers varsel. Vedtak på årsmøtet fattes med alminnelig flertall, unntatt vedtektsendringer som krever 2/3-dels flertall. Ekstraordinært årsmøte holdes når styret eller minst 1/4 av lokallagene krever det.»